

Trenar til hundeutstillingar.

19.04.2017



Dei flotte hundane samarbeidde svært godt med eigarane sine.

**Tirsdag var det ei flott samling med nydelege hundar og eigarane deira på asfaltplassen ved Uskedal skule. Det var Anita Lie som hadde ei treningsøkt med ein gjeng med tanke på føreståande utstillingar.**

Hundane fekk gode instruksjonar frå Anita Lie som har opparbeidd seg ein stor kompetanse på området. Med si store interesse ho eit aktivum m.a. i Kvinnherad hundeklubb og Hordaland elghundklubb.

Anita fortalte at dette var ei trening med tanke på føreståande utstillingar. Dei fleste hundane som deltok var svart elghund, men det var også andre hunderasar med. Felles for alle var at dei var nydelege hundar, og så langt eg kunne sjå så samarbeidde hundar og eigarar særskilt godt. Det var første fellestreninga i denne runden og det er meinингa at det vert trening også dei tre neste tirsdagane.

Det vert elghundutstilling i Uskedalen 20.mai, og då er det venta at det vert stilt om lag 50 hundar som kjem frå heile Vestlandet og austover til Telemark. Kvinnherad har eit stort og godt elghundmiljø. På treninga var det altså med andre rasar. Nokre av hundane skal delta i utstilling i Bergen alt komande helg. Då kjem det godt med at dei har fått trening i å presentera seg på beste måte under kyndig rettleiing.

Anita Lie sa at området ved skulen var godt eigna til den type trening som dei hadde tirsdag.

- Og så er det alltid så mange kjekke aktivitetar å sjå på, avslutta den ivrige instruktøren. Denne kvelden var det som vanleg full fart på kunstgrasbanen, og i tillegg kom ein sprek gjeng som skulle trenar til terrengløpskarusellen og Trio-stafetten.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.